

Saksprotokoll 30.04.2020 - fylkesutvalet

Aleksander Øren Heen (Sp) sette fram slikt forslag:

«Marthe Hammer (SV) som leiar.»

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag a):

«Terje Søviknes (Frp) som nestleiar.»

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag b):

«Saka vert utsett til planprogrammet for Vestland er ferdig handsama.»

Avrøysting til utsetjing

Bjørkly sitt forslag b) fekk 7 røyster (H, Frp, FNB) og fall.

Avrøysting

Innstillinga punkt 1 og 3 fekk 10 røyster (A, Sp, MDG, SV, KrF, V) og vart vedteke.

Innstillinga punkt 2 med Heen og Bjørkly sitt forslag a) vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet i Vestland gjer med bakgrunn i handlingsprogram for Regional areal- og transportplan for Bergensområdet, vedtak om å opprette ei politisk referansegruppe for arbeidet med Regionalt bustadprogram.

2. Referansegruppa skal ha leiar og eit medlem frå fylkeskommunen, og medlemmer frå programkommunane. Fylkesutvalet har mynde til å utnemne leiar og fast representant i referansegruppa, og følgjande vert valde;

leiar: Marthe Hammer

medlem: Terje Søviknes

3. Fylkesutvalet ber om at leiar i referansegruppa inviterer til representasjon frå kommunane med ein politikar frå kvar av dei deltakande kommunane.